

---

Saksnr: 2020/46484-31  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

---

Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport 2019 nr. 23 frå Deloitte og påpeikingar frå SF-revisjon IKS revisorbrev nr. 6-2019

**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

**Samandrag**

Føremålet med denne saka er å ivareta kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 vert retta eller følgd opp.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Revisorbrev nr. 6-2019 - Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 2 Revisjonsrapport Hordaland fylkeskommune 2019

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samband med kontrollutvalet si handsaming av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune sine årsrekneskapar for 2019 i møte 11.5.2020 vart det m.a. gjort slike vedtak:

Sak PS 44/20 som gjeld Sogn og Fjordane fylkeskommune:

*«Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen gjere greie for prosessar i samband med påpeikingar frå revisor i revisorbrev nr. 6-2019 i kontrollutvalsmøte 16.09.2020.»*

Revisorbrev 6 frå SF revisjon IKS ligg ved som vedlegg 1.

Sak PS 45/20 som gjeld Hordaland fylkeskommune:

*«Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 16.09.2020 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbettringsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2019 nr. 23 frå Deloitte.»*

Revisjonsrapport nr. 23 frå Deloitte ligg ved som vedlegg 2.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 vert retta eller følgd opp, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

### Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over er fylkesrådmannen beden om å kome i dette møtet for å gjera greie for oppfølginga av desse rapportane.

### Konklusjon

Ut frå det som kjem fram i fylkesrådmannen si orientering, vert det tilrådd at kontrollutvalet tek stilling til korleis dei bør konkludere. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.